

Vår ref.:  
22/00166-2

Vår dato:  
08.03.22

## IDF møte 2/22 (07.03.2022)

Dato og møtets varighet: 07.03.2022 – kl. 09.00 – 11.00 på Zoom

### Tilstades (heile eller deler av møtet):

#### Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik	Organisasjonsdirektør
Gunnar Yttri	Rektor
Linn Melby Meyer	HR -rådgjevar /sekretær

#### Arbeidstakar:

Tone Skjerdal	Norsk Tjenestemannslag (NTL) / LO stat
Aslaug Furholt	Utdanningsforbundet (UDF)
Toril Irene Olesrud Fjørtoft	Norsk Sjukepleieforbund (NSF)
Pål-Albert Olsen	Akademikerne
Nina Samnøy	bisitar Akademikerne
Eva Leirbæk	Parat
Gjert Anders Askevold	Forskerforbundet (FF)
Karin Bell	Hovudverneombod (HVO)

### FASTE PUNKT

#### 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

### INFORMASJONS- /DRØFTINGSSAKER

#### 07/22 Saker til styremøte

#### 08/22 -B – Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll – styremøte 2/22

#### 09/22 -B – Endeleg budsjett 2022

Rektor orienterer kort.

Organisasjonane er samde i at det er godt at det er avsetnadar på fakulteta som kan nyttast av fakulteta. Men har ein del innspel og spørsmål knytt til bruk av avsetnadane og kva dei kan nyttast til (desse er samanfatta under):

- Innkjøp av utstyr: FF stiller spørsmål om det er gitt klarsignal til fakulteta om kjøp av utstyr til bruk i undervisning ved fakulteta og korleis dette er koplå saman med læringslabbane ved HVL?

- Kompetanseheving FADM: FF stiller spørsmål om øyremerka midlar knytt til kompetanseheving for tilsette i FADM, kvifor vert ikkje desse nytte i høgare grad?
- Realbudsjettet administrasjon: NTL har sett på potten med realbudsjettet administrasjon. I budsjettet er det er det lagt opp til ei 12% auke i fellesadministrasjon, sett opp mot budsjettet frå 2021, mens det i fakultetsadministrasjonen er ei 2% auke. Kva vurderingar er gjort her? Er det sett opp mot arbeidsoppgåver? Viser til FHS som ikkje har hatt auke i tal årsverk i fakultetsadministrasjon dei siste tre åra.
- Rekruttering av studentar: UDF viser til at ein på nokre utdanningar ikkje klarar å rekruttere nok studentar. Stiller spørsmål om moglegheit for å omprioritere midlar (frå avsettingane) til utdanningane for å oppretthalde gode studietilbod.
- Streaming av undervisning og oppfølging av studentar: Akademikerne viser til undervisningssituasjonen i Førde, der studentane føl undervisninga frå Bergen på streaming. Stiller spørsmål om utstyr i Førde og om undervisningsromma har opplegg for strøyming slik klasserom i K2 har.
- Investeringsplanar: Parat stiller spørsmål om investeringsplanane til fakulteta. Det er sagt at ein ikkje skal tilsette fleire, men skal auke aktiviteten på fakulteta. Korleis er dette tenkt gjort?
- Resursfordelingsmodellen: Parat stiller spørsmål om resursfordelingsmodellen er vurdert og evaluert etter dagens situasjon, og om det er tenkt at denne skal reviderast i næraste framtid.
- Arbeidspress og arbeidsmiljø: HVO viser til at det er krevjande å få tilsette med rett kompetanse inn i HVL. Stiller spørsmål kva det betyr for arbeidspresset, og for arbeidsmiljøet?
- Praksisoppfølging: NSF stiller spørsmål knytt til praksisoppfølginga ved FHS. Tala i budsjetta viser til at det er ei stor arbeidsbelastning for tilsette og ei belastning for studentane.

Rektor tek med seg innspela vidare. Svarar overordna at det er fleire problemstillingar som ikkje kan løysast over bordet. Han viser til at det må gjerast eit godt arbeid i samarbeid med fakulteta knytt til ressursfordelingsmodellen, og at det er viktig at høgskulen har ei økonomistyring som sikrar at midlar ikkje vert trekt tilbake av departementet. Men igjen, så finst det problemstillingar der midlar som er øyremerka til formål ikkje kan flyttast mellom felta.

Når det gjeld læringslabbane er ikkje desse tilknytt nokre fakultet eller institutt, men er opne å bruke for alle. HVL har investert godt i desse men ser at det manglar litt på kommunikasjonen ut til organisasjonen.

## 10/22 - B - Årsrapport 2021 – Høgskulen på Vestlandet (samla rapport)

Rektor orienterte kort. Opna for innspel på rapporten.

Organisasjonane er samde i at det er viktig å få ei slik rapport fram som viser dei positive sidene til høgskulen, men etterlyser at utfordringane til HVL kjem fram i større grad. Under vert tilbakemeldingane og spørsmåla til årsrapporten samanfatt i ei punkliste:

- Sektormål 4 (s. 12): Parat etterlyser plan for reduksjon av mellombelse tilsette. Stiller spørsmål om korleis ein kan få ned talet?
- Verksemdsmål 8 (s. 27): HVO etterlyser resultat og oppfølging vidare for arbeidet knytt til verksemdsmål 8. HVO viser til at høgskulen er IA bedrift og då må ein rapportere på visse krav. UDF viser til at det er viktig med medverknad i organisasjonen og at tilsette må føle reell innflytelse og at ein inviterer til samhandling på alle nivå. Viktig å utnytte dei tilsette si kompetanse og erfaring.
- Rapportering på overordna qevinstrealiseringsplan (s. 28): Parat stiller spørsmål om kvifor effektiv ressursbruk berre blir målt i del administrative av totalt tal årsverk? I same rapport viser ein til at fagleg tilsette skal få større administrativ støtte.
- Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt
  - Campus Bergen (s. 28): Parat, NTL og HVO viser til at det står at K2 ser ut til å innfri prosjektet sitt mål. Organisasjonane viser til at det bør ligge evalueringsarbeid til grunn før ein kan rapportere på kor vellukka prosjektet har vore. HVO viser også til at utvikling av areal til laboratorium vert forsinka då vernetenesta ikkje har vore inkludert .
  - Campus Haugesund (s.29): Parat viser til at det er ueinigheit mellom statsbygg og brukargruppa og at dette bør sjåast nøye på i det vidare arbeidet.

- Campus Stord(s. 29): Parat og HVO viser til bygg som vart stengd. Stiller spørsmål om konsekvensar for romkapasiteten til dei gjenstående bygga.
- Likestilling, mangfald og tilgjenge (s.39): NTL viser til problemstillingane knytt til at HVL er IA bedrift og at det bør spesifiserast ytterlegare at aktivitetsbaserte arbeidsplassar gir ekstra utfordringar til tilrettelegging for tilsette.
- Vurdering av framtidssutsikter (s. 44): NTL viser til strategiområde 4: bygging av institusjonen og stiller spørsmål om punktet tilgang på ressursar til administrativ effektivisering. Viser til at ei hovudproblem her er at tilsette som har kompetansen til å vere med å utvikle sitt eige arbeidsområde har for mange driftsoppgåver til at dei kan bidra i utviklingsarbeidet.
- Prioriteringar for 2022 (s. 45):
  - Campusutvikling: Parat viser til at det er levert sluttrapport for tre av prosjekta, der at tilsette stiller spørsmål om framdrift og tiltak av rapporten. Kva skjer vidare i desse prosjekta?

Rektor tek med seg innspela vidare. Han kommenterte spesielt på bruken av K2 og at dette ikkje er endeleg evaluert.

### **11/22 - B – Internrevisjonsrapport hausten 2021 – Oppfølging og gjennomføring**

Rektor orienterte kort.

NTL viser til at rapporten er godt skreve og at tilbakemeldingane er ærlege. Det er viktig å merke seg suksesskriterium i det vidare arbeidet. Det er viktig at sakshandsamarrolla får høyre diskusjonane i styret og toppleiinga slik at ein får førstehandsinformasjon ved oppfølging av sakene i etterkant.

NTL viser til at ein må passe på at ein ikkje lagar ei for byråkratisk system for sakshandsamarane. Rektor viser til at det viktig at sakshandsamarane får eigarskap og moglegheit til å medverka saka.

FF stiller spørsmål om vi er for liten administrasjon? Ser at det stangar i prosessane der ein ikkje har nok tilsette.

På spørsmål om korleis ein skal rapportere på tiltaka og korleis desse vert gjennomført viser rektor til at det er konkrete oppfølgingspunkt som skal følgjast opp snarast.

### **O-9/22 – Rekneskapen 2021**

Rektor orienterte kort.

HVO stiller spørsmål om avtale om søndagsarbeid vert gjort før bidrags- og oppdragsaktiviteten vert gjennomført.

### **O-10/22 – Status forskarutdanning 2021**

Rektor orienterte kort.

### **O-11/22 – Studiebarometeret 2021: Resultat og oppfølging**

Rektor orienterte kort.

NTL viser til at ein også her må snakke om områda der HVL scorar dårleg. Viser til at studentane i liten grad er nøgde med spørsmål knytt til den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet. Dette må sjåast på i samband med dei administrative støttefunksjonane på fakulteta.

Akademikerne viser til at det er låg svargrad frå studentane. Er det vurdert kva innverknad dette vil ha på tala og er spørsmåla som er gitt retta ut mot dei årsgruppene som vert spurt?

### **O-13/21-1-3 Årsrapport personvernombod 2021 / Årsrapport klagenemnda 2021 / Årsrapport for språkpolitisk utval 2021**

Parat stiller spørsmål om opplæring av personvern, då det i dokumentet står at alle tilsette ved HVL skal gjennomgå denne opplæringa. Er dette tilbodet satt i system?

NTL stiller spørsmål til årsrapporten for klagenemnda. Har ein gode nok rutinar for læring i organisasjonen. Får sakshandsamarane tilbakemeldingar frå klagenemnda på saksførebuinga?

Rektor viser til at prorektor for utdanning har fokus på dette, for å sjå korleis ein kan arbeide meir strategisk med funna i slike rapportar innad i høgskulen.

----- Slutt på styresaker -----

### **08/22 Oversikt over starta og slutta (01.02.2022 – 02.03.2022)**

HR-rådgjevar orienterer kort om saka.

Organisasjonane ønskjer å vite kvifor tilsette sluttar, stiller spørsmål om bruk av sluttsamtalar ved HVL. HR-rådgjevar viser til at det per i dag ikkje er ein systematisk praksis for sluttsamtalar, men tek med seg tilbakemeldinga tilbake til eininga.

### **09/22 Gjennomgang av årshjul**

HR rådgjevar orienterer kort om endringar.

### **10/22 Eventuelt**

Ingen saker

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrevne signaturar.*